

HIELGESTUNDIER



NR 1, 2021 KYRKJELYDSBLAD FOR SOKNA I HØYANGER KOMMUNE 89. ÅRG

I dette nummeret kan du lese om:

- Norsk favorittpåske står i fare
- Syng for meg nattergal
- Ein skikkeleg oppvask
- Leid milde ljøs – ei bøn for livsreisa
- Kross og Korona
- Fasteaksjonen 2021



God påske!

HELGESTUNDER

Kyrkjelydsblad for Høyanger, Kyrkjebø, Lavik, Bjordal & Ortnevik sokn. **I redaksjonen:** Bjørnar Otterstein, Geir Sørebo og Andreas Ester. **Layout:** Bjørnar Otterstein

Pengegaver vert mottekne med takk!

Bankgiro: 3705.24.53659 - Vipps 110089

Trykk/oppsett: Husabø Prenteverk

Kyrkja etter korona

Kyrkja under koronapandemien sine vilkår er på mange måtar annleis enn vi hadde ønskt oss. Å halde avstand er ofte sårt i situasjonar der vi vil trøyste og snakke personleg. Å avlyse gudstenester og flytte konfirmasjonar er vanskeleg å akseptere.

Men vi har opplevd ein positiv reaksjon i samfunnet, og i kyrkja også. Pandemien har utløyst stor motivasjon og kreativitet for å finne gode løysingar i sokneråda, hos frivillige og alle oss tilsette. Julegudstenesta i Høyanger «under open himmel» gjekk av stabelen med veldig bra frammøte, stort engasjement og uforgløyemelege minner.

Utegudstenesta ved Kyrkjebø sjukeheim no i februar var rørende å vere med på. Vi har tatt i bruk nye digitale verktoy: dei fine gudstenestene frå påska i fjor som vart tekne opp ligg fortsatt ute på YouTube-kanalen vår og kan bli sett der!

Korleis blir Den norske kyrkja etter korona? Og korleis blir kyrkja hos oss her i Høyanger? Vi vil komme tilbake, men kyrkja blir nok ikkje heilt den same som ho var før korona. Og det kan vi ha godt av! Kyrkja er i stor grad i forandring uansett, og må få ei ny organisering etter at stat og kyrkje skilde lag.

Vi vil jobbe vidare med gudstenestesøkinga. Den lokale gudsteneordninga må reviderast. Vi er begynt å prøve ut nye typar gudsteneeste som vi håpar kan fungere betre for folk i alle sokn. I påsketida i år blir det fysiske gudstener alle stader, tilpassa dei aktuelle restriksjonar. Vi vil komme nærare på folk og deira behov – trass i den inntil vidare pålagde avstanden, og enno meir i tida etterpå.

Andreas Ester

www.kyrkja/hovanger/
www.facebook.com/kyrkjaihovanger/
www.instagram.com/kyrkjai/

Høyanger kyrkjekontor

Dalevegen 4. Pb. 159
 6991 Høyanger
 Telefon: 57 71 41 00
post.hoyanger@kyrkja.no

Lavik kyrkjekontor

Postadr.: Pb 14, 6946 Lavik
 Telefon: 57 71 41 00
post.hoyanger@kyrkja.no

Adm. sekretær: Katarina Vattekar

Jobbmobil: 40 45 86 49
KV333@kyrkja.no

Prost: Knut Magne Nesse

Brendøyvegen 26, 6906 Florø
 Mobil: 91 71 32 75
 E-post: knut.magne.nesse@kinn.kyrkja.no

Sokneprest Høyanger/Kyrkjebø:

Andreas Ester, 6947 Lavik
 Mobil: 45 22 17 37
 E-post: AE639@kyrkja.no

Vikarprest Lavik og Bjordal/Ortnevik

Geir Sørebo, 5962 Bjordal
 Mobil: 957 29 172
 E-post: GS533@kyrkja.no

Kyrkjelydspedagog: Toril Lange,

6947 Lavik
 Mobil: 92 2409 66
 E-post: TL646@kyrkja.no

Kyrkjevevjerje: Bjørnar Otterstein

Kyrkjekontoret i Høyanger
 Telefon kontor: 57 71 41 00
 Mobil: 91 76 38 03
 E-post: BO446@kyrkja.no

Kantor: Gerda Otterstein

6993 Høyanger
 Mobil: 94 18 67 09
 E-post: GO985@kyrkja.no

Leiarar av sokneråda:

Høyanger: May-Wenche Fossmark 90 53 90 02
 Kyrkjebø: Sturla Bell Fossen 99 49 47 45
 Lavik: Toril Lange 92 24 09 66
 B og O: Sissel Sørebo 91 68 93 81

Leiar kyrkjeleg fellesråd:

May-Wenche Fossmark 90 53 90 02

Kyrkjjetenarar

Høyanger: Heike Müller tlf. 99 39 84 97
 Kyrkjebø: Irene Aase Aarseth tlf. 97 01 29 77
 Vadheim: Irene Aase Aarseth tlf. 97 01 29 77
 Lavik: Bjarne Hellebø tlf. 97 75 10 21
 Olav Hellebø tlf. 90 08 49 12
 Audun Engedal tlf. 41 56 36 28
 Bjordal: Norvald Bjordal tlf. 97 12 57 33
 Ortnevik: Joar Oppedal tlf. 41 10 05 87

KIRKENS SOS: Tlf. 22 40 00 40

Norsk favorittpåske står i fare

Helsedirektoratet og FHI åtvarar mot å reise på påskefjellet, og tilrår å gå til kyrkja i staden for. «Kyrkjebesøk er heilt trygt!»

Det er jo reint hypotetisk, og litt spøkefullt når eg skriv dette. Vel å merke: smil og latter høyrer påska til frå gamalt av: hugs påskelatteren! Men det er ein alvorleg bakgrunn. Heilt urealistisk i koronaåret 20 er det ikkje.

Kva har eigentleg påskefjellet med kristen påskefeiring å gjere?

I første omgang absolutt ingenting – og samstundes veldig mykje! Fordi: å velje bevisst bort å feire påske i kyrkja til fordel for kos på fjellet, det er jo – om forlatelse! – meir enn tydeleg uttrykk for at det er bortimot uforståeleg for folk flest kva som skulle vere poenget med døden på krossen og oppstoda på påske-morgon. Og eg må innrømme: dei har jo heilt rett! Eg meiner heilt seriøst, dei fortener ros for å vere så ærlege! Fordi det som skjer i påska går fullstendig over streken, over forstanden vår. Er heilt framand for den.

Berre oss kristne ville kalle påske eit mysterium. Til og med eit dobbelt mysterium.

Kvifor måtte han lide og døy? Viss han var Guds son, ja Gud sjølv?

Og: Korleis var det mogeleg? At han er stått opp frå dei døde?

Begge deler er til dei grader heilt uakseptable for menneskeleg fornuft! Det strir mot all logikk. Men overraskande nok: det fantes ikkje ei kristen kyrkje i dag, fantes verken bygget i by og bygd eller ein organisasjon som Den norske kyrkja – utan det som skjedde på langfredag og på påskemorgon.

Påsketrua er oppstarten av kristen tru.

Kva skal vi så gjere?

Er det slik at vi rett og slett «måtte» tru på det, måtte «ofre» forstanden vår? Det synes ikkje eg. Det er i grunnen ikkje vi som må gjere noko. Det er Gud som gjorde noko, og som vil gjere noko på nytt i påska.

Påske er eit stort drama, ei hending.

Vi kan godt begynne som tilskodarar, sjå på det som skjedde der som om det var for første gong.

Tenk deg! Den store Gud som har skapt heile universet fornedrar seg sjølv, blir svak, avmechtig, hjelpelaus. Som oss! Nett no i koronatida blir vi meir enn vanleg obs på kor avmechtige vi faktisk ofte er.

Det finnes mange ulike måtar å vere med på påskedramaet. På nettet, på TV, fysisk i kyrkja eller ute i naturen. Ved å ta innover oss handlinga blir vi dratt inn frå å vere publikum til å bli personar i dramaet sjølv. Dette gjeld jo oss! Å måtte akseptere ei litt rolegare påskehelg kan gje oss god sjanse for å bruke litt meir tid på det.

Oppstoda på påskemorgonen er den siste akta i påskedramaet.

Kanskje det største mysteriet. Etter å ha vore med på den store tragedien på langfredag, forstår vi at det ikkje kunne vere slutten.

Han lever, han er stått opp frå døden! Det kan gi oss smil, latter og glede.

Riktig god påske! Med eller utan påskefjell.

Andreas Ester, sokneprest

«Syng for meg nattergal..»

«Dersom eg i barndommen såg eit spindellev ute i naturen mellom to buskene, så feia eg det som regel vekk, men i dag har eg fått andre verdiar. Eg kan ikkje få meg til å bryte av ei grein på eit tre når eg er ute i skogen. Eit tre er også ein levande organisme som har krav på respekt». Tore Osen sit i godstolen i stova oppe i Hjetlandsbakkane og filosoferer over livet og samtalar om sin musikalske og poetiske produksjon. Alt i alt har det vorte rundt 60 songar der han har laga både tekst og musikk. 52 av desse er innspela på CD.

Blomst i sølevann

«Mange liker urter fra fjerne land
Min drøm er å se en blomst i sølevann»
Slik sluttar Tore sin song «Våren». Det dreiar seg om å vandre i skogen når alt byrjar å spire og gro. Den som har god tid og alle sansar opne kan sjå korleis skaparen si kraft foldar seg ut. Ein liten blomst mellom mosestein og rusk, grønt lauv og svevande pollenstøv. Eller kanskje ein er så heldig at ein får oppleve ein tidleg sommarfugl som blafrar forbi med fargerike venger. Desse opplevingane vert til poesi. Rytmiske ord, 4+4+6 stavingar, forklarar Tore. Alf Prøysen skreiv visst sameleis. Og etter kvart kjem melodien til og legg seg over teksten. Tore seier at han ser forventingsfullt fram til våren, og nye naturopplevingar, der han atter kan stanse og finne inspirasjon på favoritt-plassen ved sida av steintrollet ved Daleelva.

Vare tonar

Når Tore tek gitaren og dreg gjennom eit par av songane sine, så er det stille og vare tonar og følsame ord. «Eg vil gjerne vere audmjuk i tekstane mine», seier han, «og vise at eg får med meg de små tinga rundt meg. Ein gong såg eg eit tre som sveia skikkeleg. Då skreiv eg songen om det dansande treet. «De fattiges song», skreiv eg om ein spelande tiggjar inne i ei sidegate». Eg får mange assosiasjonar når eg høyrer Tore snakke og spele. Slik gjekk også Franz av Assisi rundt i naturen med ærefrykt for stort og smått i skaparverket. Og så har vi den

moderne Forest-Therapy-rørsla som har avdekka kor helsesamt det er å kommunisere med tre og planter og alt som vi møter i naturen.

Førebilete

- *Kven er så dine førebilete i musikken?*

Dette er det ikkje vanskeleg for Tore å svare på: «Når det gjeld produksjon av viser, så har eg lært mykje av Evert Taube og Alf Prøysen. Men den store musikkopenberringa fekk eg då eg første gongen høyrde Beatles i 1963. Dei var den store inspirasjonen. Først og fremst var eg fasinert av John Lennon. I ein periode tenkte eg på han dag og natt. Men høgdepunktet av musikalske opplevingar i livet mitt hadde eg 7. januar 1992. Då hadde eg reist til USA, og i Nashville Tennessee fekk eg møte Chat Atkins, den største gitaristen i verda. Å snakke med han var så utruleg at eg måtte ringe rett heim til mor mi og fortelje om kva eg hadde opplevd. Der borte fekk eg også sjå innom Studio B der både Elvis og Jim Reeves hadde gjort opptak.



«Songs for anyone in the world»

«Syng for meg nattergal, så godt at du e her, når dagen har vært tung og lang, får eg styrke når du e her». Tore tek gitaren på kneet og formidlar den lykke han kjenner når ein liten fugl syng nett til han ein sein kveld. Det er ein stillferdig og sterk bodskap til alle trøytt sjeler som har bevart evna til å lytte.

- *Kva sjanger vil du plassere musikken din i, Tore?*

Eg blar i den fine songboka han har utgjeve, rikt illustrert av Olav Lundgren og notesett av ein amerikansk musikal. Eg ser på den store CD-samlinga i hylla bak meg. Eg kjenner godt til dansebandmusikarane Osen & Østerbø som turnerte gjennom heile fylket i 70, 80 og 90-åra, og eg har høyrte Tore imitere dei store country-stjernene på ein genuint talentfull måte. «Nei, kva sjanger eg sjølv produserer i det har eg ikkje grubla på, men for tida tenkjer eg mykje på alle barnesangane eg har laga».

Arthur Comegno ved Harvard University i USA seier mellom anna i forordet til Tore si songbok at her er ein mann som har komponert vakker musikk som kjem rett frå hjarta. «Eg vart gripen av det vennlege preget til denne musikken. Og eg undra meg på om dette var pop-musikk eller folke-musikk.... Eg torer seie at dette er ei flott samling av `Songs for anyone in this world».

Både Jacob Sande, Alv Prøysen og Åge Samuelsen hadde kanskje vorte overraska over å sjå at noko av det dei har skriva har fått ein sentral plass i salmeboka til Den norske kyrkja.

Vi kan godt kalle noko av det Tore har skriva for salmar. Salmar som talar om at alt det Gud har skapt er vakkert, og at Gud kjem til oss med sin trøyst og fred i alt og alle. Dette kan alle erfare som tek imot han med eit opent sinn.

Du e' vårt lys

Du e' en morning og du e' en kveld.
Du e' blomster og tre og himmel, hav og fjell.
Du e' regnet og sola og følgesvenn i ei natt.
Du e' i alt og alle, når eg kjenner meg forlatt.

Ja, du er speilet der eg klart kan se
Livet med sin spenning og sin besnærelse
Eg ser deg overalt, i alle ting eg ser.
Og du er trøsten min, og enda mye mer.
Eg ber du e' vårt lys, som skinner der vi går
Og hjelper oss på veg når vi ikkje forstår.
Lat det bli vår bønn når vi helt står fast.
Fyll oss med din fred, led oss til det sted
Der som vi kan alltid vere trygge.

Du e' et nådens fjell og et håpets hage
Du e' et alter for hvert sukk og klage
Du e' frelseren som til oss e' gitt.
Eg sanna verden hos deg, for du e' min verden blitt.
Du e' frelseren som til oss e gitt.

Tekst og foto: Geir Sørebo



Ein skikkeleg oppvask

«Det er no 42 år sidan denne dagen. Eg gjekk på mekanikarlinja på Garnes vidaregåande skule i Arna. Om ettermiddagen denne dagen stod eg på kjøkkenet i leilegheita eg leigde saman med søstera mi, og vaska opp. Medan eg stod der med hendene nede i vaskevattnet, så merka eg at noko skjedd. Det var ei ubeskriveleg og overnaturleg oppleving. Det var som ei kjelde inni meg opna seg og fylte meg med ei overstrøymande glede. Det var ingen ting som hadde hendt på førehand, som skulle tilseie dette. Opplevinga kom som lyn frå klår himmel. Men av ein eller annan grunn var eg sikker på at no hadde eg møtt Jesus, og eg visste ikkje noko betre å gjere enn å falde hendene nedi oppvaskkummen og be Fadervår.



Litt seinare kom søstera mi heim frå jobb. Ho stussa då ho såg meg. «Kva er det som har hendt?», undrast ho. Ho såg at eg stråla av glede. Eg nærmast ropa ut: «Eg har møtt Jesus! Han lever!». Det er kyrkjevevje Bjørnar Otterstein som fortel dette. Eg har møtt han til ein liten samtale på kyrkje-kontoret framme på Dale.

Ei krevjande tid

Du hadde jo levd eit heilt vanleg liv inntil denne dagen. Kva konsekvensar fekk denne opplevinga ved oppvaskkummen for deg?

«Ærleg talt vart det ei krevjande og vanskeleg tid. Eg måtte jo fullføre yrkes-skulen og konsentrere meg, men samstundes levde eg i ein lykkerus, og måtte fortelje om dette til alle eg møtte. Eg las mykje i Bibelen, og kjende på at eg var utfordra til å vitne om Jesus i alle samanhengar. Eg levde med ei spenning som ikkje var enkel. Heldigvis hadde eg gode rådgjevarar som roa meg ned og hjelpte meg med å ha bakkekontakt. Eg var open for at den opplevinga eg hadde hatt kanskje måtte få konsekvensar for yrkesvalet. Dette var noko av grunnen til at eg i 1980 byrja på Menighetsseminaret si utdanning for menighetssekretærar. Her fekk eg innsikt i organisering av kyrkjelydsarbeid.

Teknisk yrkespraksis

Men du kom likevel ikkje til å gå direkte inn i ein kyrkjeleg stilling?

«Nei, eg kjende på at eg trengde litt tid til å fordøye det eg hadde opplevd, og gjere eit skikkeleg praktisk arbeid medan ting vart klårare for meg. Dermed byrja eg på tønnefabrikken i Dale. Det var eit sunt og godt arbeid. Der heldt eg på i 4 ½ år. Så bestemte eg meg for at eg måtte fullføre den tekniske utdanninga. Dermed vart det 2 år teknisk fagskule i Førde før eg fekk arbeid på Fundo, først som produksjonsarbeidar og dei 12 siste åra som kontroll-assistent. Dette var interessante år der eg lærde miljøet i Høyanger å kjenne på ein fin måte.» Mange kjenner Bjørnar som ein grundig og nøyaktig kontrollør i felgproduksjonen på Fundo, så nøyaktig at han etterkvart fekk kallenamnet «Tusendelen».

Inn i kyrkjeleg arbeid

- *Etter den nesten profetiske opplevinga du hadde, vart du då engasjert i kyrkjelyden?*

«Den opplevinga eg hadde hatt, vart viktig for meg. Eg tvila aldri på realitetane i Bibelen og kristentrua. Den iveren som eg hadde i starten, dabba nok av etter kvart. Men eg vart med som friviljug i kyrkje-lyden. Eg vart med i soknerådet i Dale, og eg kom også etter kvart inn i soknerådet i Høyanger og vart til sist leiar i fellesrådet. Då kyrkjeveerjstellinga vart ledig, vart eg spurd om å søkje, og no har eg altså vore kyrkjeveerje her i snart 20 år. Framleis vil eg seie at den sterke opplevinga eg hadde ved oppvasken i 1979 gjev meg motivasjon til å stå på vidare i arbeidet.»



Bjørnar er ikkje den einaste som har hatt ei slik oppleving i livet. Eg møtte ein gong ein tidlegare sjømann som påstod at han hadde fått besøk av Jesus på lugaren langt ute på havet. Han kunne gjere greie for både lengde- og breiddegrad og det nøyaktige tidspunktet. Sjømannen gjekk i land og tok til å studere til prest.

Og mange av oss hugsar nok Hans Nilsen Hauge som gjekk bak ploegen ute på åkeren då han fekk ei åndeleg oppleving som skulle endre både livet hans og det norske samfunnet. «Men slik var det også på Jesu tid», seier Bjørnar, «Jesus kom til menneske både ved brønnen og ved fiskebåten».

Fersk påskeforkynning

- *Kva er viktigast for deg i påska?*

Bjørnar er ikkje tvil om det, og han viser til ei fleire hundre år gamal salme i salmeboka: «Naglet til et kors på jorden, henger under vredens torden, himlens Herre og Guds Sønn». At Jesus på denne måten gjorde opp for meg, og lever i dag, det er påske for meg.

- *Kva slags påskeforkynning vil du då helst høyre?*

Bjørnar har høyrte mange slags preiker, og han har klare meiningar om dette: «Det avgjerande er at den som preikar er levande engasjert og serverer fersk mat. Det må vere glovarmt rett frå grillen. Det nyttar ikkje for presten å kome med noko som er oppattvarma. Eit gammalt manuskript som han har fiksa litt på, er ikkje godt nok.

Det må vere klart at Jesus lever i dag og verkar nett no. Dette må vere drivkrafta i all forkynning. Det som møter folk, må vere levande. Berre det kan gripe folk. Og så må predikanten ha evne til å stige litt til sides og late sin eigen person og sine egne kjepphestar kome i bakgrunnen. Det er bibelordet som skal fram. Jesus sine ord er kraftige nok slik dei er. Ta vare på dei!».

Tekst og foto: Geir Sørebo

BÅLPANNEGUDSTENESTE PÅ LAVIKDALEN



Når ikkje folket kan kome til kyrkja, får kyrkja kome til folket! Så siste søndag i januar var vi 31 små og store med lag-på-lag-bekledning, campingstolar og kjelkar som møttest til bålpanne-gudsteneste i Mølmesdal/Lavikdalen. Vertsskapet Solveig og Henry tok i mot oss med nybrøyta tun og store snøhaugar som inviterte til holegraving, god plass til både folk og tre store bålpanner å varme seg rundt.

Geir Sørebo og Toril Lange engasjerte med skattekiste og bibelforteljing ved hjelp av ivrige hjelparar.

Etterpå vart det grilling av pølser og marsmallows, og Solveig stilte med ei dampande varm gryte full av solbærtoddy til frosne gjester.

Dei litt spreke avslutta med ein tur i dei supre, oppkøyrd skiløypene som har vore til stor glede for mange i fleire veker denne vinteren. Konklusjon: Oppsøkjande gudsteneste – ein heilt OK korona-biverknad! Kanskje kjem det fleire liknande arrangement ...i eit tun nær deg? Tekst og foto: Torunn Styve



Nytt frå Kyrkjeverja

Framtida til Høyanger bedehus står på spel

Slik saka står no er det tre moglege utfall:

1. Soknerådet gjev opp planane om å overta bedehuset, med dei følger det vil få for det kyrkjelege arbeidet i soknet, som vil bli sterkt skadelidande. Bygget vil sikkert kunne brukast ei viss tid, men forfallet vil tilta på grunn av manglande engasjement og manglande vedlikehald. Dersom bygget blir ståande til nedfalls, blir det til sist rive.
2. Soknerådet overtek bedehuset gratis. Då vil ein ha fått eit tenleg kyrkjelydshus, men står samstundes ansvarleg for drift, vedlikehald og investeringar. Bedehuset er ein type bygg som ein kan få offentleg støtte til å rehabilitere. Dersom fleire enn soknerådet engasjerer seg for bygget og for saka, kan det vere mogleg å gripe denne sjangsen. Det er mange eksempel andre stader på at bygdefolk som går saman klarer å reise nye bygg, og då bør det vere mogleg for folket i Høyanger å gå saman for å ta vare på eit av dei eldste bygga i Høyanger, som har hatt, og kan få ein viktig funksjon i framtida.
3. Ein eventuell privatperson kan overta bedehuset gratis, setje det i nødvendig stand, og leige det ut til allmenn bruk, herunder Kyrkja, Indremisjonen og andre sine behov. Om denne privatpersonen finst, er høgst uvisst.

Ettersom dette er ei stor avgjerd som Høyanger sokneråd ikkje ønskjer å ta åleine, vil dei leggje saka fram for kyrkjelyden i soknemøte / årsmøte våren 2021, før endeleg avgjerd.

Årsmøtet/soknemøtet blir i Høyanger kyrkje kl. 13.00 den 21. mars, etter gudstenesta som er kl. 12.00. Høyanger SR ber om at innbyggjarane i Høyanger stiller opp, og seier si meining om kva som bør skje med bedehuset. Skal vi ta vare på vår kulturhistorie, eller skal vi ikkje?

Økonomisk resultat 2020

Rekneskapen til Høyanger kyrkjelege fellestråd er no avslutta, og den viser eit mindreforbruk på kr. 64 706, som utgjer 1,1% av budsjettet. Dette resultatet er vi svært nøgde med, ettersom 2020 har vore eit vanskeleg år, kva uforutsette ekstrautgifter angår. Heldigvis har det også blitt nokre uforutsette ekstrainntekter i løpet av året. Rekneskapen går no til revisjon, før den skal opp til endeleg godkjenning i Fellestrådet.

Auke i sekretærressursen

Etter mange år med kutt, har fellestrådet no sett behov for å auke sekretærressursen ved Høyanger kyrkjekontor frå 60% til 80% frå 01.03.2021. Dette ut frå dei mange

oppgåvene administrasjonen skal løyse, og ut frå den arbeidsbelastninga som har vore ved kontoret over lang tid. Stillingstittel er frå same dato endra til administrasjonssekretær.

Digitalisert kommunikasjon

Ved kyrkjekontoret er det innført nye verktøy for digital kommunikasjon med publikum og brukarar. Dette omfattar mellom anna utsending av faktura og stellavtalar gjennom SvarUt. Mottakaren vil få dette på Altinn, og om dokumentet ikkje vert åpna der innan 3 dagar, kjem det som vanleg post. eDialog er oppretta for å kunne sende konfidensielle eller sensitive personopplysningar til kyrkjekontoret. Td. dokument som inneheld personnummer.

Takk til Andreas frå Bjordal & Ortnevik kyrkjelyd



På gudstenesta i Bjordal kyrkje fastelavnsøndag vart Andreas Ester takka for samarbeidet frå han kom til Sogn i oktober 2007. Sidan han no har sagt ja til å vere sokneprest i Høyanger, Kyrkjebø og Vadheim, blir det sjeldnare å sjå han på Sørsida, sjølv om det er eit samarbeid i heile kommunen og prostiet. Soknerådsleiar Sissel Sørebo overrekte eit brødfat laga av Bjørn Rørtveit med teknikken sveiping. Anne Sofie Rørtveit hadde hekla brikke. Med gáva følgde det kunst-kort frå Ortnevik. Soknerådet takkar og håpar denne lokale gáva vil gje positive minne!

Utegudsteneste på bøen til kyrkjetenaren



24. januar skulle vi hatt tårn-agentopplegg i Bjordal. Då ein berre kunne vere ti personar inne i kyrkja, vart det vanskeleg å gjennomføre. Med kuldegrader, men opphaldsver og nydeleg solnedgang, vart det ei fin oppleving med samling rundt bålpanne ute. Dei fleste sat med gode varmedressar. Geir og Toril hadde førebudd eit familieopplegg som høvde bra med skattkiste og ut-deling av bøker til alle borna. 21 personar koste seg etterpå med grilling og prat.

Bjordal og Ortnevik sokneråd

Høyanger og Kyrkjebø har fått misjonsprosjekt

Under gudstenesta i Høyanger kyrkje søndag 18. oktober, vart misjonsavtalane mellom NMS og Høyanger og Kyrkjebø kyrkjelydar markert. Begge sokneråda har vedteke å støtte NMS sitt misjonsprosjekt i Estland.

NMS samarbeider med Den lutherske kyrkja i Estland (EELK). Etter lang tid med kommuniststyre, treng dei kristne og kyrkja deira støttespelarar for å «koma på banen» att.

Å byggja kyrkjelyd og kyrkje

Før krigen var 97 prosent av befolkninga medlemmer i eit kyrkje-samfunn, dei fleste i EELK. I dag er det ca. 1 av 4 medlem i ei kyrkje. Frå 1940 til 1991 var landet annektert av Sovjetunionen. I løpet av desse åra vart mange av kyrkjene rivne eller brukt til lager, museum eller forretningslokale. Det var også forbod mot «trusopplæring». Difor har i dag det store fleirtalet minimal kjennskap til innhaldet i den kristne trua. I løpet av 50 år med kommunisme vaks det også fram nye befolkningssentra utan kyrkjer. Saman med NMS er de no med på å byggja både kyrkjelyd og kyrkje i to slike tilflyttingsområde. Det eine i Mustamäe, ein bydel i Tallinn, det andre i forstaden Saku. Gjennom satsing på barn og unge vil desse kyrkjelydane vera til inspirasjon også for andre kyrkjelydar der dette arbeidet har lege nede sidan mellomkrigstida. De bidreg også til opplæring av ungdomsleiarar, og til eit spennande kristent mediearbeid.


Diakonale utfordringar

Dei to NMS-støtta kyrkjelydane i Mustamäe og Saku gjer også noko konkret for menneske som slit og har lite. Ein av dei som utgjer ein forskjell for nokre av desse, er Ülle. Ho er aktiv i kyrkjelyden i Mustamäe. Ülle koordinerer arbeidet med å dela ut matpakkar til vanskelegstilte familiar. Ho har funne sin kyrkjelyd og sine oppgåver. Ho seier: «Det er her er kjenner meg heime».

Kyrkjebø kyrkjelyd og Høyanger kyrkjelyd sitt engasjement for Estland betyr m.a. at ein skal be for Estland og kyrkjelydane der og støtte arbeidet økonomisk. Jamleg vil sokneråda få tilsendt informasjon og oppdatering om kva som skjer med kyrkja i Estland. Folk kan gje til gåvekonto 8220.02.85057 – Prosjektnr. 910341 Estland

Toril Lange

«Leid milde ljøs» – ei bøn for livsreisa



Sjølv om John Henry Newman (1801 – 1890) ikkje er så kjend på norsk mark, har ein av hymnene hans i Peter Hognestad si attdiktning fått plass i både Norsk Salmebok og i katolsk salmebok Lov Herren. Vi kjenner den under namnet «Leid milde ljøs».

«Lead Kindly Light» (1833) handlar om etterfyljing, sjølv om den oftast er blitt sunge i samband med gravferd. Hymna markerte i si tid starten på den rørsle innanfor Church of England som fekk beteikninga «Oxfordrørsle».

Alt i denne hymna frå dei første åra av hans livslange teneste, finn vi eit sentralt tema i Newman sitt liv, teneste og forfattarskap: ei tru som innebær lydnad mot dei glimt av Guds plan som Gud let han få sjå. I løpet av livet gjorde bøn og studium denne planen tydelegere og førte han til slutt frå Den anglikanske kyrkja til ei presteteneste i Den katolske kyrkja. Han hadde ikkje heile oversikta, men skreiv i tru og gikk i lydnad: «eg treng ei sjå min veg, så langt og vidt – eitt steg er nok åt meg»

Vi finn salmen i Norsk Salmebok nummer 858 med tre vers. Salmen byggjer dels på orda i Salme 119, 105. På engelsk er teksten: «Your Word is a lamp to my feet, and a light for my path.» I den norske Bibelen finn vi verset slik: «Ditt ord er ei lykt for min fot og eit lys på min sti.»

Vi siterer første vers:

Lei, milde ljøs, igjennom skoddeim,
lei du meg fram!

Eg går i mørke natt langt frå min heim,
lei du meg fram!

Før du min fot; eg treng ei sjå min veg
så langt og vidt – eitt steg er nok åt meg.

John Henry Newman var fødd i London. Han opplevde ei kristen omvendning som femtenåring, og vart seinare prest i Den engelske kyrkja. I utgangspunktet høyrde han heime i den lågkyrkjelege eller "evangeliske" leiren, men etter kvart utvikla han seg i anglo-katolsk retning.

... Det ironiske ved det heile, skriv Newman, er at dei heile tida terpar på viktigeita av «trua på Kristus åleine», men fører mennesket bort frå Kristus og over i eit fangenskap under eigne kjensler, og eit krav om ei rett type omvendning. «Å sjå på Kristus er å bli rettferdiggjort ved tru; å tenkje at ein er rettferdiggjort ved tru, er å sjå bort frå Kristus, og å falle ut av nådens stand.»

Sjølv beskriv han trua som «noko som ikkje har farge, som luft eller vatn. Den er berre det midlet som gjer at sjela ser Kristus. Like lite som synet kan sjå lufta, er trua korkje sjela si kvile eller noko den kan sjå.» Den sanne tru ser Kristus i alt; den møter Kristus i Kyrkja sine sakrament, den ser han i Kyrkja sin liturgi og i Kyrkja sine bønner, i kunsten og det liturgiske utstyret, i korset og i alteret framme i koret

...

Newman følte at han hadde mykje ugjort. Han søkte Guds leing i livet sitt, og gav også av den grunn avkall på å gifte seg.

Han konverterte seinare til den katolske kyrkja og vart ordinert til katolsk prest i 1846. Med unntak av fire korte år ved Dublin Catholic University, var Newman resten av sitt liv ved Oratory of St. Philip Neri, nær Birmingham i England. Hans motto var "Cor ad cor loquitur"- "Hjarte talar til hjarte". Pave Leo XIII utnemnde Newman til kardinal i 1879. Newman vart ein av dei mest æra og heidra katolske leiarane, og en av de viktigaste kristenleiarane i England på 1800 talet.

Vi siterer vers to:

Du veit det vel, eg bad ei alltid så;
lei du meg fram!
Eg ville velja sjølv min veg, men no
lei du meg fram!
Eg ville leva fritt, var stolt og strid
og stor i mod – å gløym den dårskaps tid!

Også salmen til John Henry Newman har si historie. Som ung prest hadde Newman i 1833 reist til Italia saman med ein ven for å kvile og samle krefter. Men han vart alvorleg sjuk og måtte reise attende til England. I juni 1833 reiste dei to venene frå Palermo for å sigle til Marseille, men på grunn av vindstille vær og tett skodde vart dei liggjande værfaste i Bonifacio-stredet. Sjuk og med kraftig heimlengt velta all uro, bekymring og otte for framtida og for kyrkja sitt indre liv i England inn over John H. Newman. Han ønskte veldig sterkt å kome attende til England og oppgåvene som låg og venta der. Det er i denne situasjonen at strofene til salmen *Lei, milde ljøs* vart skrivne.

Vi siterer vers tre:

Di makt har signa meg, då veit eg visst:
Du leier enn i myr og fjell og heid,
og så til sist, ein morgon renn,
då til meg smiler engleåsyn blid,
som eg har elska før, men mist ei tid.

Menneske har sunge "*Lei, milde ljøs*" eller "*Lead Kindly Light*" i dei mørkaste stunder.

Wikipedia fortel om fleire slike historier: Betsie ten Boom song denne salmen på veg til konsentrasjonsleiren ho aldri kom ut att frå.

Men òg her heime har denne salmen ei sterk historie knytt til liv og død. Mange hamna på Grini under krigen på grunn av sin motstanden mot nazistiret. Mellom desse var ei gruppe unge menn der fleire hadde vore leiarar i det kristne arbeidet. Boka *Pro Patria*: til minne om studentar som fall i kampen for Norges sak (1945) fortel om den sommardagen då desse unge mennene hadde fått dødsdommen og berre hadde kort tid att å leve:

... Men det vart seint i celle 21 denne kvelden, for desse song utover kvelden, og det tona gjennom fengselsmurane til cellekameratane som sat over og under, og frå dei kraftige mannsstemmer lydde det: Leid milde ljøs, igjennom skoddeim, leid du meg fram ...

Songen lydde både ombord på Titanic og frå ein av livbåtane. I 1909 var det ei stor gruveulukke i West Stanley Colliery i Durham i England. 168 menn og gutar miste livet etter eksplosjonar i gruvene. Men ei gruppe overlevande hadde funne ei lomme med rein luft. Nokre få fekk panikk, tok seg vidare på eiga hand og døydde av forgifting.

Men dei fleste vart verande og venta saman i mørkret under bakken. Ein av dei tok til å nynna "*Lead Kindly Light*". Straks song alle gruvearbeidarane med: "*Lead Kindly light amidst the encircling gloom, lead thou me on, The night is dark, and I am far away from home*".

Etter 14 timar vart 26 karar berga opp.

Kantor Gerda Otterstein

Kjelder:
Salmebloggen
SEGL 2020

Kross og Korona

Pest og smittsame sjukdomar har følgt menneska gjennom heile historia. Pest var ei av landeplagene i Egypt som tok livet av både dyr og menneske. Svartedauden er den pandemien som har teke livet av største del av folket i landet vårt. Meir eller mindre omfattande pandemiar har dukka opp med visse mellomrom gjennom heile historia, og kjem sikkert til å gjere det også i framtida.

Kva er Guds rolle?

For menneske som trur at Gud har ein relasjon til det som hender i denne verda, er det ei utfordring å forstå kvar Gud er i sjukdom og lidning. I Det gamle testamentet vert pesten og dei andre landeplagene i Egypt sett på som teikn frå Gud. Desse teikna skulle syne at israelittane sin Gud var Herren over himmel og jord, og at dei ikkje lenger skulle halde israelittane i fangenskap. Pesten skulle så og seie vere ein augneopnar.

Då Svartedauden ramma Europa, var det mange som tenkte at dette var Guds straff over dei vantruande og dei som levde eit ugudeleg liv. Denne forklaringsnøkkelen kom fort til kort. For munkar og prestar og biskopar døydde like så mykje som alle andre. Anten måtte biskopane også vere like ugudelege eller så var heile forståinga av Guds rolle på feil spor.

Jesus og dei spedalske

Dei spedalske representerte vel den mest smittsame plaga på Jesu tid. Dei spedalske vart sende i livsvarig karantene. Dei måtte leve utafor bymuren og rope «Urein! - Urein!» dersom folk kom nær dei. Dei jødiske skriftene hadde strenge karantene-reglar, og dei måtte aldri kome nærare friske folk enn 2 meter i stille ver, og minst 40 meters avstand dersom det var vind. Vi ser fleire gonger at Jesus bryt karantene-reglane. Vi les om at han var heime hos ein spedalsk og at han berører spedalske. Han

utset seg sjølv for ein stor risiko. Vi høyrer nokre få eksempel på at han lækjer spedalske.

Alle dei tre første evangelistane fortel om at Jesus lækjer ein spedalsk mann. Jesus seier til han at det skal vere eit vitnemål at nett denne mannen vart frisk. Det var tusenvis av spedalske rundt Jesus, og dei aller fleste vart ikkje lækte. Det er ingen ting som tyder på at det er dei spesielt gudfryktige som vert lækte. Tvert imot. Forteljinga om Jesu møte med dei ti spedalske viser at ni av ti ikkje gav Gud takk for at dei vart lækte.


Krossen i sentrum

I Jesu møte med smittsame sjukdomar er det nok først og fremst krossen og den ofrande kjærleiken som står i sentrum. Det profetiske ordet i Jes 53,4 har alltid vore ein god nøkkel til å forstå Jesus: «Sanneleg, våre sjukdomar tok han på seg, og våre pinsler bar han.»

Men dette vil ikkje seie at Jesus sitt nærvær er uvesentleg for dei sjuke. Det betyr at dei sjuke skal vere omslutta av omsorg. Denne omsorga gjev håp og ber med seg ei lækjande kraft. Slik er det når denne omsorga vert gjeven av menneske, og slik er det når ho vert gjeven av Gud. For Guds omsorg varer og verkar også når dette livet tek slutt.

Sjølv om mange i landet vårt har døydd av Covid-19, så har både helsevesenet og folket elles gjort ein stor innsats for fellesskapet. Knapt nokon stad i Europa har det vore betre kontroll. Dette er det berre å takke for.

Når vi feirar påske, så står krossen der som eit sentralt teikn. Eit teikn på at Jesus kom for å bere alle våre sjukdomar og plager. Han kom for å stå solidarisk med alle som lid. Men krossen er også ein augneopnar som viser at Gud har makt og kjærleik til å føre oss alle til liv og siger til sist. Geir Sørebo



Kyrkje- og misjonsdag på Alværa laurdag 17. april 2021 kl. 10-16

På grunn av koronarestriksjonar i byrjinga av januar måtte vi avlyse kyrkje - og misjonsdagen på kort varsel. No satsar vi på å møtast på Alværa når våren har kome og ein del av oss truleg har fått vaksine.

Programmet blir slik:

Kl. 10.00: Kaffi og rundstykke

Kl. 10.30: Opning og presentasjon

Kl. 10.45: Kyrkja i møte med pest og pandemi v/Geir Sørebo
Omsorg i koronatid v/Karl Hjelmeland
Idear til organisering av trusopplæringa v/Toril Lange
Digitale møteplassar
Erfaringsutveksling og samtale

Kl. 13.00: Middag

Kl. 14.30: Gudsteneste ved Karl Hjelmeland og Ole Agnar Helland
Ettermiddagskaffi
Årsmøte for NMS Ytre Sogn

Påmelding til Alværa, tlf. 48990661 eller 91689459 (Toril Lange). Meld deg gjerne på allereie no. Pris kr 250,- for middag. Vi set eit tak på 35 deltakarar. Velkommen til fellesskap og inspirasjon!

Områdeutvalet i NMS Ytre Sogn



På Kyrkjebakken

Dugnad ved Bjordal kyrkje

Måndag 19. april kl. 17.00 kan du vere med på den tradisjonelle vårdugnaden i og ved Bjordal kyrkje. Det er alltid litt å ordne etter vinteren før dei som har ansvar for kyrkjegardsslåtten byrjar om våren. Når fleire jobbar i lag blir arbeidet ofte triveleg!

Årsmøte i Bjordal kyrkje 2. mai

Soknerådet håpar å kunne gjennomføre årsmøte etter gudstenesta søndag 2. mai. Dersom du har saker som du ynskjer å ta opp, kan du melde frå til soknerådsleiaren. I tillegg til rekneskap og årsmelding skal vi vedta kva for liturgisk musikk vi skal bruke i soknet. Kantor Gerda Otterstein blir med og vil spele for oss slik at vi høyrer ulike alternativ. Håpar vi kan samlast frå alle grendene denne dagen!

Hyggjestund på Sørsida Bygdetun

Laurdag 8. mai kl. 16.00 håpar vi å kunne samlast til hyggjestund etter meir enn eitt år med koronapause. Då kan vi feire våren og fridomen med mykje song og musikk. Kanskje nokon har minne som kan delast frå 8. mai 1945? Vi reknar med at eldre i bygda då er vaksinert, så vi kan møtast på ein trygg måte. Vel møtt til dykk som har heimen på Bygdetunet og til bygdefolk elles! Bjordal & Ortnevik sokneråd

Årsmøte og «Mat og Prat»

Torsdag 14. april kl. 19.00 inviterer Lavik sokneråd til årsmøte/soknemøte og «Mat og Prat» på Alværa. Geir Sørebo innleier til samtale. Påmelding til Torunn Styve Det kan bli endringar, så følg med på plakater og facebook. Lavik sokneråd

Årsmøte i Høyanger sokn

Søndag 21. mars vert det årsmøte/soknemøte i Høyanger kyrkje kl. 13.00, etter gudstenesta kl. 12.00. Då skal bedehussaka leggast fram for kyrkjelyden.

Konfirmasjonsdatoar haust 2021

Grunna vedvarande restriksjonar vart vi samde om å avlyse konfirmasjonane som var planlagde no i april/mai. Datoane for konfirmasjonane blir flytta til hausten. Slik vi planlegg no blir det dei følgjande datoar, delvis under litt forbehold.

Bjordal: søndag 5. september kl. 11.00

Ortnevik: søndag 5. september kl. 13.00

Lavik: laurdag 18. sept., truleg kl. 12.00

Høyanger: laurdag 2. oktober kl. 12.00

Kyrkjebø og Vadheim: 3. oktober - 2 konfirmasjonar, tidsp. ikkje bestemt

Fakturaer er på veg

Fakturaer for festeavgifta 2021 vert sendt til Digipost og i posten i desse dagar. Også fakturaer for gravstell vert sendt på denne måten framover. Dette er dels for å gjere det lett vint for kunden, dels for at vi skal spare portopengar. Ein vinn vinn situasjon! Kyrkjevevja

Dagsleir på Alværa.



I vinterferien var born frå Lavik samla til leirdag. Det vart laga drama av forteljinga om *Jesus og borna* og *Jesus kallar læresveinar*. Veret var fint, så det vart tent opp i bålpanna og pølser stod på menyen. Høgdepunktet var nok for dei fleste lagning av masker – både i gips og i papp!

Toril Lange

Fasteaksjonen 2021 – Endre for andre

I mange år har konfirmantane vore med på fasteaksjonen. I fjor vart fasteaksjonen heildigital. I 2021 vil alle konfirmantgruppene saman med sokneråda, opprette digital innsamlingsbøsse på Facebook. Viss smittesituasjonen tillet det, vert det i tillegg bøsseinnsamling.

Får du ikkje besøk, og har du ikkje tilgang til den digitale bøssa, kan du også gje på :

Vipps til 2426

SMS: VANN til 2426 (250 kr)

Kontonummer 1594 22 87493

Tilgang på reint vatn er eit grunnleggande gode som alle menneske burde ha krav på. For seksbarnsmora Susan Miyambo (35) i Zambia var reint vatn berre ein fjern draum. Alt vatnet ho trong til mat, drikke og klesvask måtte ho henta i ei skiten elv. Dette er i landsbyen Kasalaulo, i eit område der fleire tusen flyktningar frå Kongo har søkt tilflukt.

Tunge kanner

Mangel på vatn ga oss mange helseproblem. Elva var vår næraste vasskjelde, og den var både skitten og full av bakteriar. Me var veldig ofte sjuke, fortel ho. Alternativet var å gå langt med tunge kanner. Fleire timar måtte ho bruka for å henta reint vatn. Det var det ikkje alltid tid til med seks born å ta seg av. Difor vart vatnet frå elva ofte den enklaste løysinga. Vatnet ho vaska klede i, drakk, bada borna i og lagde mat med. Vatnet ho delte med dyr og insekt.

Brønn som endra alt

Susan tar oss med inn i huset sitt der dei er mange på liten plass. Litt av plassen er sett av til oppbevaring av fisk og den populære grønsaka, kassava, som smakar nesten som potet. Ho peikar på dei fargerike vasskannene som står ved matlagingsplassen.

No treng me ikkje lenger å gå langt for å henta vatn. Takka vere Kirkens Nødhjelp har me fått reint vatn i landsbyen. Det er vi så takksame for.

Landsbyen, med sine 1753 innbyggjarar, er ein av dei mange landsbyane som har fått tilgang til vatn av Kirkens Nødhjelp. Våren 2018 bora dei ein brønn. Det er viktig for oss at heile landsbyen får eigarskap til vassystema vi byggjer. Difor samarbeider vi tett med våre lokale partnarar og vassingeniørar.

Innbyggjarane er med på å tilretteleggja og vel ein eigen komité som vedlikeheld og har ansvar for vassforsyninga. For Susan er det no berre ein kort tur til brønnen som er omringa av kanner klare til fyllast opp. No kan eg gje familien min reint vatn. Det er eg så glad for!

Men sjølv om Susan ikkje lenger er bekymra for å bli sjuk av skittent vatn, har ho ei anna stor bekymring. Ei bekymring ho deler med resten av verda: Covid-19.

Eg er redd for å bli smitta når mange av oss er samla, og eg er redd for barna sine og mitt eige liv. Covid-19 er verkeleg, og utgjer ein fare for oss alle.

Spesielt er ho bekymra for lange køar ved vasspumpa. For i landsbyen er det mange som set pris på reint og trygt vatn, og etterspurnaden er difor stor. *Mi oppmoding er at det vert bora endå fleire brønningar for å møte etterspurnaden, slik at endå fleire får tilgang til reint vatn, og me kan ha god avstand for å unngå smitte.*

Avhengig av hjelp

For at Susan og andre skal få reint vatn, trengst det hjelp frå oss. Også i 2021 skal frivillige over heile Noreg vera med på Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon og samla inn pengar til brønnboring, latrinebygging og andre tiltak som reddar liv i fattige lokalsamfunn ute i verda. Verda står framleis overfor ein pandemi som rammar oss alle på ulike måtar. Kirkens Nødhjelp har nått ut til over 2,4 millionar menneske med koronaførebyggande tiltak sidan mars 2020, takka vere deira innsats og bidrag.

Sjå bilete på siste side.

I GLEDE OG SORG

DØYPTE

Kyrkjebø kyrkje

Julian Sebastian Selnes Indrebø 06.12.2020

Lavik kyrkje

Olivia Bosdal Breidvik 08.11.2020

Bjordal kyrkje

Tiril Søreide Øverås 02.08.2020

Live Lunde Osland 02.08.2020



DØDE

Høyanger

05.12.2020 Otto Norevik

24.12.2020 Arvid Skrede

16.01.2021 Erling Fodnes

21.01.2021 Kari Dagmar Hansen Nesse

27.01.2021 Astrid Ullebø

29.01.2021 Ragnhild Torkildsen

16.02.2021 Mildrid Fjelde

21.02.2021 Wenche Reidun Korssjøen

27.02.2021 Mary Haugen

Lavik

13.12.2020 Oddvar Reidar Norevik

08.01.2021 Ingrid Birkeland Lothe

14.01.2021 Synnøve Auten

08.02.2021 Vetle Hole Systad

25.02.2021 John Olav Norevik

Bjordal

17.01.2021 Birgit Hildur Skahjem



Og lat oss ha omtanke for kvarandre, så vi oppgløder kvarandre til kjærleik og gode gjerningar!
Hebr. 10.23-24.

Gudstenester

28. Mars - Palmesøndag

Kl. 11.00 Vadheim v/Andreas Ester

01. April - Skjærtorsdag

Kl. 11.00 Ortnevik v/Geir Sørebo

Kl. 18.00 Alværa v/Geir Sørebo,
Påskemåltid

02. April – Langfredag

Kl. 16.30 Lavik Helsesenter v/G. Sørebo

Kl. 18.00 Høyanger v/Andreas Ester
Korsmeditasjon

03. April - Påskena

Kl. 23.30 Kyrkjebø, v/Andreas Ester

04. April - Påskedag

Kl. 11.00 Lavik v/Geir Sørebo

Kl. 16.00 Bjordal v/Geir Sørebo

05. April - 2. Påskedag

Kl. 11.00 Kyrkjebø v/Andreas Ester

18. April – 3. søndag i påsketida

Kl. 18.00 Høyanger v/Andreas Ester

25. April – 4. søndag i påsketida

Kl. 11.00 Lavik v/Geir Sørebo

02. Mai – 5. søndag i påsketida

Kl. 11.00 Kyrkjebø

Kl. 16.00 Bjordal, Årsmøte

12. Mai - onsdag

Kl. 18.00 Høyanger, Temagudsteneste

17. Mai, Kan bli endringar, sjå oppslag!

Kl.10.00 Høyanger

Kl.11.00 Bjordal

Kl.11.30 Vadheim

Kl.12.45 Kyrkjebø

Kl.13.00 Ortnevik

Kl.13.00 Lavik

23. Mai - Pinsedag

Kl. 11.00 Lavik

24. Mai - 2. Pinsedag

Kl. 11.00 Bjordal

Kl. 15.30 Måren, Friluftsgudsteneste

09. Juni - onsdag

Kl. 19.00 Høyanger, Gladgudsteneste

13. Juni – 3. søndag i treeiningstida

Kl. 11.00 Kyrkjebø

Kl. 18.00 Lavik

20. Juni – 4. søndag i treeiningstida

Kl. 12.00 Sørebo, friluftsgudsteneste

Kl. 18.00 Høyanger

04. Juli – 6. søndag i treeiningstida

Kl. 11.00 Lavik

Kl. 17.00 Vadheim

11. Juli – 7. søndag i treeiningstida

Kl. 11.00 Høyanger

Kl. 16.00 Bjordal

25. Juli – 9. søndag i treeiningstida

Kl. 11.00 Kyrkjebø

Kl. 18.00 Lavik

29. Juli - Olsok

Kl. 18.00 Sande Friluftsgudsteneste

NB: Det kan skje endringar, så følg med i kalendaren på Facebook, og på heimesida vår: www.hoyanger.kyrkja.no



INFORMASJON Returadresse : Høyanger kyrkjekontor, Postboks 159, 6991 Høyange

Seksbarnsmora Susan Miyambo trudde aldri at ho skulle få reint vatn, men no som ho har fått det, kan ho bruka meir tid saman med borna sine.



Brønnen i Kasalaulo i Zambia er rett utanfor huset til seksbarnsmora. Tilgang til reint vatn har forandra livet hennar. Ho kan mellom anna bruka mykje meir tid på å dyrka kassava og mango.